

Referat. Tredje møte Prosjektgruppa Forprosjekt Kvensk bibliotekjeneste. Videomøte 16. juni 2015, kl. 1100-1230

Til stades: Philipp Conzett, Margrethe Haslund, Stine Qvigstad Jenvin (møteleiar), Birgit Larsen, Rønnaug Ryssdal (referent)

1. Arbeidet framover. Tidsplan.
Møte i Tromsø 25. august kl. 12.00-15.30
Økonomi

Rapport om forprosjektet og ny søknad til hovudprosjekt skal utarbeidast i perioden frå no og fram til 1. september (deretter høyringsrunde). På augustmøtet i Tromsø går vi gjennom og redigerer utkast til søknad. Vi treng meir tid enn oppsett i innkallinga, og vedtok derfor ny møtetid: Måndag 24. august kl. 12.00-tysdag 25. august kl. 15.30. Stad: Møterom, Troms fylkeskommune (Birgit ordnar).

Behovet for fleire telefonmøte vart diskutert. Vi vart samde om å ta evt. møte ved behov.

Rønnaug lagar ein oppdatert tidsplan for framdrift i prosjektet.

Økonomi: Stine gjorde greie for stoda. Det er brukt 24 000 kr, men vi manglar ein del reiserekningar som skal førast på prosjektet. Prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket er enno ikkje utbetalt. I budsjettet er det rekna med både arbeidstid og tilskot frå samarbeidsinstitusjonane. Dette skal vegast opp mot kvarandre etter kvart som prosjektet går fram.

2. Møte med Kvensk institutt og Halti kvenkultursenter 22. juni

Møtet skal klargjere dei to institusjonane sine forventningar til prosjektet og kva dei kan bidra med i ei framtidig nasjonal kvensk bibliotekjeneste, særleg når det gjeld formidling, utvikling av kvenske kulturproduksjonar og kompetansehevande tiltak. Vi er også opptekne av korleis digitalisert materiale av bilde og lyd som finst i institusjonane kan gjerast tilgjengeleg for biblioteka og publikum. Ein grenseoppgang av ansvarsområde mellom institusjonar og bibliotek kan vere nyttig. Rønnaug lagar sakliste og legg ved referat frå innspelmøtet og det førebunde møtet i Tromsø (juni 2014).

3. Rapport

Finnmark fylkesbibliotek har ansvar for å utarbeide utkast til rapport om forprosjekt, som skal vere ein kortfatta oversikt over arbeidet i prosjektperioden. Utdjuping av fagleg innhald kjem i søknad til hovudprosjekt.

4. Søknad til 2-årig hovudprosjekt

Finnmark fylkesbibliotek har ansvar for å utarbeide utkast til ny prosjektsøknad. Philipp leverer utkast til delen som gjeld kvensk bibliografi og digitalisering. Birgit og Margrethe skal

konsulterast undervegs, etter behov.

I søknaden skal det leggast vekt på:

Kvensk bibliotekteneste skal vere ei nasjonal teneste.

Organisering, ansvarsfordeling mellom samarbeidspartnarar: Ei mogleg organisering av tenesta kan vere at hovudansvar for Nasjonal kvensk bibliotekteneste er tillagt Finnmark fylkesbibliotek, Vadsø, medan Troms fylkesbibliotek/Nordreisa bibliotek har ansvar for utvikling av litteraturproduksjonar.

Bibliografi, digitalisering: Kvensk bibliografi skal ha ei rolle tilsvarande Samisk bibliografi, altså ha eit nasjonalt perspektiv. Kostnadene ved dette må kalkulerast. Digitalisering: Det må undersøkjast kva Nasjonalbiblioteket og Kvensk institutt har gjort og gjer på dette feltet, og korleis prosjektet kan samhandle med dei.

Formidling: Litteraturformidling. Kunnskapsformidling. Vandreutstillingar. Utvikling av produksjonar. Samarbeid med Den kulturelle skolesekken DKS. Tenkje nasjonalt, prøve ut regionalt og nasjonalt.

Kompetansehevingstiltak: Ulike tiltak, graderte i høve til målgrupper. Eit konkret tiltak i hovudprosjektet kan vere å arrangere eit seminar i samarbeid med Nasjonalbiblioteket.

Økonomi: Kor mykje kan samarbeidspartnarane gå inn med av personalressursar, arbeidstid, arbeidsinnsats? Alle stillingsressursar må skrivast inn – løn er den store utgiftsposten.

Nye samarbeidspartnarar – er det aktuelt å trekkje inn fleire i hovudprosjektet, slik som Porsanger bibliotek? Konklusjon: Vi utvidar ikkje prosjektgruppa.

5. Prosjektgruppa sine forventningar til hovudprosjekt, oppsummert:

Revitalisering av kvensk språk

Tydeleg nasjonalt perspektiv

Spennande samarbeid mellom fylkesbibliotek, folkebibliotek og universitet

Biblioteknettverket som kanal for formidling av kvensk språk og kultur

Utvikle samarbeid mellom institusjonstypar: ei beriking for alle

Auka kunnskap i befolkinga og i biblioteka

Kompetansedelen: Prosjektet skal gjere biblioteka betre

Prosjektet er ressurskrevjande

Prosjektperioden vil bli krevjande både når det gjeld arbeidsfordeling og samarbeid på tvers

Kvensk kontra norsk-finsk: Ei folkegruppe, to likestilte namn på den nasjonale minoriteten, ulike interesseorganisasjonar. Formidling av felles kultur og historie gjennom Kvensk bibliotekteneste blir utfordrande, men kan også ha eit brubyggingsaspekt. Bibliotektenesta skal ikkje ta stilling eller vere talerøyr for organisasjonane. Auka kunnskap er konfliktdempande.

6. Eventuelt: Det ville vere nyttig for Prosjektgruppa å besøkje Halti kvenkultursenter og Kvensk institutt. Vedtak: Vi kjem tilbake til dette på møtet i august.

Vadsø, 20.6. 2015

Rønnaug Ryssdal, referent